

Budsjett 2019

Budsjettgrunnlaget for 2019 er no lagt ut som eBudsjett i Visma Enterprise, og skal bearbeidast av kvar einskild leiar. Det ligg føre eigen brukarmanual for eBudsjett på intranettsidene.

I utgangspunktet er dei utlagde tala også budsjetttramma for 2019. Statsbudsjettet vert lagt fram 8. oktober, og då først får vi sikre rammer for 2019. Vi må likevel utarbeida eit best mogeleg grunnlag, basert på dei tala vi har no.

Budsjettala for fast løn er basert på løn for september månad 2018. Det betyr at årets lønsoppgjer er med i tala, i tillegg er det lagt inn pårekna vekst 2,7% frå 1.5.2019. Dette gjeld for alle i kapittel 4. For kapittel 3 og 5 er det ikkje gjort justering for lønsoppgjeret for 2018 eller 2019. Dette må såleis gjerast manuelt, ved å leggja inn pårekna auke frå 1.5.2018 og ytterlegare auke frå 1.5.2019 for dei det gjeld.

Det er viktig å kontrollera lønsopplýsingane i fana «Ansatte». Sjekk namn, stillingsstørrelse m.v. og gjer eventuelle endringar i feltet fordelings%, evt slett eller legg til personar. Om det ligg «feile» personnamn inne, spelar mindre rolle. Informasjonen vert ikkje nytta til noko anna enn å laga eit budsjettgrunnlag. Det viktigaste er at samla stillings/fordelings% stemmer med pårekna tal for 2019.

Det er også viktig å sjekk andre lønspostar i seriane 10200 – 10600, evt også 10800, då budsjettpostar frå 2018 knytt til vikarar og anna løn ikkje er kopiert inn til 2019. Det er difor svært viktig å ha med seg samanlikningskollonner for budsjett 2018 og rekneskap 2018, sjå brukarmanual.

Konto 10900 Pensjonskostnad KLP er estimert iht pårekna tal. Her kan det bli endringar når vi får oppdaterte grunnlag i løpet av september. Konto 10901 Pensjonskostnad SPK (Statens pensjonskasse) er oppdatert med pårekna tal. **Desse kontoane skal ikkje endrast.**

Konto 10990 arbeidsgjevaravgift vert automatisk utrekna på grunnlag av formel.

For øvrige driftskostnader og –inntekter må kvar leiar vurderer budsjett for 2019. **Rammene gir i utgangspunktet ikkje rom for auka aktivitetsnivå i 2019.**

I den grad det vert gjort endringar i tala i budsjettgrunnlaget, skal dette dokumenterast med notat på kvar endring. Notatet vert gjort direkte i eBudsjettmodulen, sjå brukarmanual. Slike notat er viktig for i ettertid å sjå kva som var grunnlaget for endring.

Straumkostnader (11800) vert budsjettjustert hausten 2018, og det vert sentralt lagt inn justert budsjetttramma for 2019. Budsjett for straum treng ein såleis ikkje gjera noko med.

Driftsinntektene må vurderast nøye og justerast ut frå det ein kan rekna med for 2019. T.d. må barnehage og SFO rekna på foreldrebetaling ut frå pårekna elevtal. I praksis blir dette gjerne noverande barnetal, justert for mogeleg endringar frå hausten 2019. Maksimalsatsane for foreldrebetaling aukar truleg ca 2,5% i 2019, men sikre tal får vi først i statsbudsjettet.

Frist for ferdiggjering av budsjettgrunnlaget er onsdag 3. oktober. Når rammene blir klare etter statsbudsjettet, kan budsjettgrunnlaget bli sendt på ein ny runde, dersom det syner seg at samla budsjettgrunnlag er høgare enn budsjetttrammene.